

VERKTØYKASSE FOR NÆRVÆR OG FRÅVÆR

Innhold

MÅLRETTA VERKTØY OG TILTAK VED BEKYMRINGSFULLT SKULEFRÅVÆR	2
2.1 Undringssamtale 1	2
2.2 Undringssamtale 2	5
2.3 Forslag til mal fraværsmelding	7
2.4 Mal for telefonsamtale heim	8
2.5 Mal for nærværsmøte (<i>Steg 2 i rutine for nærværsoppfølging</i>)	9
2.6 Føremålstenleg tilrettelegging for eleven	11
2.7 Kartlegging av særskild sårbarheit	12
FØREBYGGJANDE ARBEID	14
3.1 Sosiogram	14
3.2 Samtaleblom 1. - 3. trinn	15
Spørsmål til samtaleblom	16
3.3 Samtaleskjema 4. – 7. trinn	17
3.5 Undersøking av elevstemma i klasserommet – 1.- 4.trinn	20
3.6 Undersøking av elevstemma i klasserommet – 5.-7.trinn	21
3.7 Relasjonskartlegging	22
3.8 «Banking time» som metode for relasjonsbygging	24
LITTERATURLISTE	26

MÅLRETTE VERKTØY OG TILTAK VED BEKYMRRINGSFULLT SKULEFRÅVÆR

2.0 Undringssamtale

Når ein er uroa for skulefråværet, skal ein gjennomføre ein undringssamtale med eleven same dag dersom det er mogleg, før det blir avtalt eit møte. I denne delen finst det to ulike skjema for undringssamtalen. Læraren vurderer kva skjema som passar best i situasjonen, og vel kva spørsmål det er nødvendig å stille.

2.1 Undringssamtale 1

Område	😊	😞	Kommentarar
Skulevegen			
Timeplan			
Vekeplan/Arbeidsplan			
Lange økter			
Korte økter			
Tavleundervisning			
Læraren hjelper deg			
Jobbe åleine			
Jobbe i gruppe (kven vil du jobbe med?)			
Åleineundervisning			
Klasserommet -plassen din i klasserommet			
Grupperom			
Turdagar			
Annleisdagar (ekskursjonar, museum, teater)			
KRLE			
Lesing			
Skriving			
Område	😊	😞	Kommentarar
Matematikk			
Engelsk skriftleg			

Engelsk munnleg			
Samfunnsfag			
Naturfag			
Gym			
Symjing			
Kunst og handverk			
Teikning/måling			
Mat og helse			
Musikk			
Ete på skulen (lunsj)			
Lekser			
Skriftleg prøve			
Munnleg framføring			
Friminutt			
Klassen din			
Gutane			
Jentene			
Kjenner du nokon på trinnet som kjenner seg plaga eller halden utanfor? Føler du det nokon gong slik?			
Konflikt/ueinigheit/krangel			
Dei vaksne på skulen; Kven av dei vaksne liker du?			
Skulen din			
Skulereglar			
Feriar			
Helg			
Område	😊	😞	Kommentarar
Kven likar du å leke med i friminutta?			

Film/seriar			
Sosiale medium (kommunikasjon)			
Sosiale medium (underholdning)			
Spel/ gaming			
Nyheiter/politikk/samfunn			
Lese i bøker			
Musikk (høyre på, syngje)			
Rydde rommet			
Hjelpe til heime			
Vere med sysken			
Vere saman med vener			
Husdyr			
Fritidsaktivitetar			
Hobbyar			
Kor høgt stress kjenner du når du tenkjer på skulen? Skala frå 1-10, 1 er lite og 10 er mykje			
Kor lyst har du til å kome på skulen? Skala frå 1-10, 1 er lite og 10 er mykje			
Tre ønsker i livet/Aladdins lampe			


1

¹ Henta frå boka *Håndtering av skolefravær*

2.2 Undringssamtale 2 ²

Dette blir kalla eit stress-skjema, og her skal elevane plassere lappar eller peike på søyla som passar best. Når de snakkar saman, stiller de ulike spørsmål eller kjem med påstandar som elevane svarar på.

Ved å plassere lappar eller peike på søylene slepp eleven å forklare så mykje. Ut frå svara som kjem fram, blir det tydeleg kva som utløyser mest stress. Ved neste evaluering kan de gjennomføre denne kartlegginga på nytt og sjå om det er område som har endra seg.



² Henta frå boka *Håndtering av skolefravær*

Tips til kva spørsmål ein kan stille eleven/kva område eleven skal plassere:

- Matematikk, naturfag, kunst og handverk, mat og helse, kroppsøving, norsk, engelsk, KRLE, samfunnsfag, musikk.
- Gym ute, gym inne, gym – skifte i garderoben, gym – dusje i garderoben.
- Å jobbe i store grupper, å jobbe i mindre grupper, å jobbe åleine, å jobbe med ein medelev.
- Turdag, skidag, felles aktivitetsdag med resten av skulen.
- Jobbe i klassen, jobbe på grupperom, undervisning utandørs.
- Teikne, skrive, måle, lese, fargelegge.
- Kanonball, fotball, handball, basketball, stikkball osv.
- Å kaste ball, å ta imot ball, å sparke ball.
- Springe, jogge, høgdehopp, lengdehopp, gå tur, gå fjelltur, danse.
- Å presentere noko i klassen, snakke høgt i klassen, svare på spørsmål i klassen, rekke opp handa i klassen, be læraren om hjelp.
- Skulegarden, friminutt.
- Å vere saman med ein ven, å vere saman med fleire vener.
- Å gå til skulen om morgonen, å bli køyrd til skulen, å gå til skulen med vener, å ta farvel med mor/far/andre på morgonen.
- Ein kan og spørje vaksne (lærer, fagarbeidar etc.) rundt eleven: Er det nokon vaksne som gjer det vanskeleg å vere i timen? Sjå om dette har nokon samanheng.

2.3 Forslag til mal fråvæersmelding


Når det har kome eit varsel i Visma om høgt fråvær, skal kontaktlæraren ta kontakt med heimen. I forkant av denne kontakten, er det fint om ein får høve til å snakke med eleven om trivsel. Nedanfor ser ein forslag til Vismamelding. Meldinga må justerast slik at den passer til den faktiske situasjonen.

Døme 1: «Hei! Ser at Ole har fått varsel om høgt fråvær i Visma. Eg ser at fråværet gjeld sjukdom. Håpar det går bra og at Per er snart tilbake. Vi er ikkje bekymra for trivselen hans på skulen, stemmer dette med dykkar oppfatning også? Ikkje nøl med å ta kontakt. Framleis god betring!»

Døme 2: «Hei! Vi har fokus på skulenærvær og tidleg innsats og vi tek kontakt med dykk fordi vi har fått varsel om høgt fråvær. Eg lurar på kva de tenkjer om fråværet? Er det andre grunnar enn sjukdom ønskjer vi gjerne å få vite det på skulen. Eg har snakka med eleven, og han/ho seier at han/ho trivst på skulen. Stemmer dette med dykkar oppfatning, eller er det noko de ønskjer å snakke meir om?

2.4 Mal for telefonsamtale heim ³

1. Skaff deg ei detaljert oversikt over eleven sitt fråvær, og om det er eit mønster i fråværet:
 - Kva dagar er eleven borte? (Er det ofte måndagar, til dømes?)
 - Er det ofte fleire dagar i strekk (til dømes knytt til sjukdom som omgangssjuka eller influensa), eller er det enkeltdagar (til dømes knytt til plager som vondt i magen eller hovudpine)?
 - Kjem eleven ofte for seint, eller går eleven heim før skoledagen er over?
 - Kjem eleven seint inn etter friminutt, eller unngår eleven ofte aktivitetar?
 - Har eleven hyppig fråvær i forbindelse med lege-/tannlegetimar, vurderingssituasjonar/prøvar og liknande?
2. Ring føresette og opplys om eleven sitt fråvær. Minn dei om at skulen satsar på tidleg innsats ved fråvær, og at det er grunnen til at du tek kontakt no.
3. Skildre eleven sitt fråvær (presenter funna dine frå punkt 1). Spør dei føresette kva dei tenkjer om fråværet.
4. Undersøk om føresette tenkjer at fråværet har ei naturleg årsak, eller om dei er uroa for at fråværet framleis vil vere høgt.
5. Undersøk om dei føresette opplever at eleven trivst på skulen, eller om dei ser teikn til at eleven misliker eller gruar seg til noko ved skulen (vanskeleg å kome seg av garde om morgonen, vil ikkje på skulen).
6. Konkluder saman med dei føresette om det er behov for eit møte saman med eleven, der saka blir drøfta nærare og tiltak blir sette i verk.
7. Dokument i Visma Flyt Samspel.




³ Kjelde: Bekymringsfullt skolefravær - En praktisk nærværsveileder - Osloskolen

2.5 Mal for nærværsmøte ⁴ (Steg 2 i rutine for nærværsoppfølging)

I nærværsmøte bør eleven helst vere med. Vurder om eleven skal vere med på heile møtet, eller berre i starten. Nokon frå leiinga kan og vere med på møta dersom det blir vurdert som formålstenleg.

1. Start møtet med å ønske velkommen og takke de føresette for at dei møter.
2. Målet med møtet er å få ei forståing av eleven i eit heilskapleg perspektiv. Med utgangspunkt i denne forståinga skal ein finne tiltak som kan auke skulenærveret.
3. Det kan vere lurt å minne alle om at me har eit felles mål om at eleven skal oppleve tryggleik og trivsel, slik at eleven får lyst til og motivasjon for å koma på skulen.
4. Avklar bekymringar og sjå på alle områda til eleven
 - a. Er det noko på skulen som kan forklare fråværet? (relasjonar, situasjonar, strukturar, krav o.l.)
 - b. Er det noko på fritida som kan forklare fråværet? (relasjonar, situasjonar, aktivitetar o.l.)
 - c. Har eleven tankar om kva som kan forklare fråværet? (sjukdom, trivsel, relasjonar, sårbarheiter o.l.)
 - d. Er det noko heime som kan forklare fråværet? (relasjonar, rutinar o.l.)
5. Oppsummer punktvis det de har kome fram til.
6. I fellesskap bestemmer de kva tiltak som skal prøvast ut i tre veker. Det er viktig å avklare kven som har ansvar for dei ulike tiltaka. Vurder om helsesjukepleiar, barne- og familieteam eller andre hjelpetenesteoppsummer bør koplust inn.
7. Dokumenter i Visma Samspel




⁴ Kjelde: Bekymringsfullt skolefråvær - En praktisk nærværsvetleider - Oslo skolen

Støttepunkt til nærværsmøtet

I nærværsmøtet er målet å få ei breiare forståing av eleven i eit heilskapleg perspektiv. Ein kan ikkje berre snakke om livet til eleven i skuletida, men må òg ta med ulike forhold frå heile kvardagen til eleven. I modellen har vi med både skule, fritid, forhold hos eleven sjølv og heimen.

Rekkjefølgja for kva ein tek opp først og sist er viktig, og vi skal alltid sjå på oss sjølve først. Grunnen til dette er at føresette ikkje skal oppleve at skulen går til åtak på dei, eller at skulen tenkjer at problemet ligg hos foreldra eller i heimen.



I nærværsmøtet må ein saman finne ut kvar tiltaka skal setjast inn. Det må òg vurderast om helsesjukepleiar, barne- og familieteam eller andre instansar skal koplast på.

2.6 Føremålstenleg tilrettelegging for eleven⁵

Når det skal setjast i verk tiltak og leggjast til rette for elevar på 1. trinn og oppover, må vi passe på at tilrettelegginga skjer på ein føremålstenleg måte. Dersom det kjem fram at eleven til dømes synest det er vanskeleg å halde munnlege presentasjonar, er det viktig at ein ikkje berre unngår dette. Då må det øvast på, og ein må alltid ha som mål at eleven skal klare det som er utfordrande.

Saman med eleven må det utarbeidast ein samarbeidsavtale med delmål. I dette tilfellet kan delmål vere at eleven først skal presentere for læraren åleine, deretter for ei lita gruppe elevar som eleven er trygg på, heilt til det går fint å gjere det framfor heile klassen. Dersom du er redd for å snakke høgt i klassen, og læraren let deg sleppe dette, blir du ikkje betre til å snakke høgt. Du blir berre meir engsteleg for å gjere det.

«Hugs at elevar som strevar med uro og angst treng forståing for at det er vanskeleg å leve med angst, men at dei samstundes må bli utfordra til å utsetje seg for ting dei fryktar. Dette er viktig for at eleven skal oppnå meistring og utvikle seg til eit sjølvstendig individ, der angsten ikkje blir eit hinder for livskvalitet og personleg modning.»

Vi veit at for mykje tilrettelegging kan skape engstelege elevar, og ved å unngå det som er vanskeleg, blir utfordringane berre større. Paradoksalt nok vil mykje trygging av engstelege elevar kunne ha motsett effekt, nemleg at det aukar angsten og unngåing, noko som igjen gjer eleven mindre mottakeleg for læring.

Den store fallgruva i skulekvardagen er at mange lærarar gjer altfor mykje for at det enkelte barnet skal sleppe å kjenne på ubehagelege kjensler. Altfor mange får hjelp til å unngå det dei fryktar, i staden for å bli støtta til gradvis å møte det. Konsekvensen blir at elevane blir fråtekne moglegheiter til meistring. Den beste måten å støtte eit engsteleg barn på er å hjelpe barnet gradvis til å tole angstkjensla. Når engstelege barn får erfaring med at det dei fryktar som oftast ikkje skjer, eller skjer i mindre grad enn dei trur, vil angsten vanlegvis minke av seg sjølv.

Ein samarbeidsavtale skal utarbeidast saman med eleven og dei føresette.

Døme:

Samarbeidsavtale

Elev	Status (korleis er situasjonen i dag)	Hovudmål

Delmål	Ansvar	Tiltak	Frist for evaluering

⁵ Kjelde: Utdanningsforskning. *For mye tilrettelegging skaper engstelige elever*. E-risk.

2.7 Kartlegging av særskild sårbarheit⁶

Kartlegginga skal utførast av lærarane på det aktuelle teamet. Set kryss der det er noko å merkje seg, og skriv kommentarar ved sida av. Kartlegginga er meint som ei eiga bevisstgjeringsprosess, slik at vi sikrar oss at vi har tenkt gjennom alle moglege årsaker og sårbarheiter hos eleven.

Namn:	Kryss	Kommentar:
Trist, tilbaketrekt		
Dårleg sjølvbilete/sjølvkjensle		
Gråt, trøystesløyse, vanskeleg å roe		
Angst, spent/ anstrengd o.l.		
Irritabel, sinne, raseri, opposisjonell		
Sensitiv for lyd, lys og omgjevnader		
Slapp, interesselaus og kjenslelaus		
Uvanleg åtferd og utviklingstrekk		
Uroleg eller har konsentrasjonsvanskar		
Høgt skulefråvær		
Søkjer mykje merksemd frå andre		
Forsinka/tap av ferdigheiter eller regresjon		
Læringsvanskar og skulerelasjon		
Sjølvskading, sjølvdestruktiv		
Bruk av rusmiddel		
Tjuveri, kriminalitet, løgner		

⁶ Statsforvalteren

Sosiale forhold	Kryss	Kommentar:
Ettergjevande åtfærd		
Uvanleg tilknytningsåtfærd		
Klynger seg til vaksne		
Sosial involvering med andre barn (sosial kompetanse)		
Kjem ofte i konflikt med andre barn		
Avvikande eller konfliktfylt relasjon til foreldre og/eller sysken		
Avviser/unngår vaksenkontakt		
Søsken med store utfordringar		
Fysiske teikn og signaler		
Påkledning		
Hygiene		
Mat-/ etevanar		
Fysiologisk utvikling, over-/ undervektig		
Verkar trøytt/søvnmangel		
Fysiske plager		
Mangelfullt tilsyn		
Føresette og relasjon foreldre-barn		
Føresette sin relasjon til barnet		
Føresette med psykiske lidingar		
Skilde føresette (i konflikt)		
Uføreseielege føresette		
Føresette med rusmisbruk		
Tilbaketrekking (fråvær)		

⁷ Statsforvalteren


FØREBYGGJANDE ARBEID

3.1 Sosiogram

Å ha god innsikt i dei sosiale dynamikkane i klassen hjelper læraren i relasjonsarbeidet og i arbeidet med å skape eit trygt og godt klassemiljø.

Bruk desse spørsmåla når du utarbeider sosiogrammet:

- Kva for tre elevar pleier du å vere saman med på skulen?
- Dersom du kunne velje blant alle i klassen, kven ville du helst hatt som dei næraste venene dine? Vel maks tre personar.
- Kva for tre elevar på trinnet ville du samarbeidd med om ei oppgåve dersom det var viktig å få løyse oppgåva på ein god måte?



3.2 Samtaleblom 1. - 3. trinn

Namn:

Dato:

Eg likar å gå på skulen

Eg har orden i sekken, på pulten min og på garderobeplassen min

Eg har nokon å leike med i friminutta

Eg trur dei andre likar å leike med meg

Eg arbeider stille når eg skal gjere det

Eg rekkjer opp handa og ventar til det er min tur å snakke

Eg kan følgje reglar i spel og leik

Eg likar å skrive

Eg likar å lese

Eg likar norsk

Eg likar matematikk

Eg likar å telje

Eg liker å sortere

Eg likar engelsk og jobbar med å lære nye ord

Eg gir andre arbeidsro

Eg er hyggeleg med lærarar og medelevar

Farg kronbladene:

Grønn = Alltid

Gul = Nokre gonger

Rød = Nei, men eg jobbar med det!

Spørsmål til samtaleblom

Kvifor er det viktig at du er på skulen?

Trur du det er nokon som ikkje trivst, enten i klassen eller på skulen?

Kven er du mest saman med på skulen og SFO? Kven kunne du tenkt deg å bli betre kjend med?

Går du på fritidsaktivitetar? Kva gjer du etter skuletid?

Kva gjer du for at andre skal ha det bra?

Er det andre ting du vil snakke om?

3.3 Samtaleskjema 4. – 7. trinn

Korleis har DU det på skulen vår?

Det nærmar seg utviklingssamtale, og som førebuing til denne samtalen ønsker vi at de snakkar gjennom desse tema heime.

Hugs å levere i god tid før samtalen.

Trivsel

Skalaen går frå 1 til 6, der 1 er dårleg og 6 er veldig bra	1	2	3	4	5	6
Korleis trivst du på skulen?						
Korleis trivst du saman med venene dine?						
Korleis trivst du saman med dei vaksne på skulen?						
Korleis går det på skulevegen?						

Synest du det er greitt å stå opp og gjere deg klar til skulen? Kvifor/kvifor ikkje?

Tenk deg ekstra godt om: Trur du det er nokon i klassen som ikkje trivst, enten i klassen eller på skulen? **Dersom ja**, skriv og forklar:

Samhandling med andre

Skalaen går frå 1 til 6, der 1 er dårleg og 6 er veldig bra	1	2	3	4	5	6
Kor godt samarbeider du med andre elevar?						
Kor godt samarbeider du med lærarane dine?						
Kor flink er du til å snakke pent om andre elevar?						
Kor flink er du til å seie ifrå dersom nokon ikkje har det bra?						
Kor flink er du til å fortelje foreldra dine om skuledagen din?						

Arbeidsinnsats

Skalaen går frå 1 til 6, der 1 er dårleg og 6 er veldig bra	1	2	3	4	5	6
Kor godt følgjer du med når læraren snakkar?						
Kor godt følgjer du med når andre elevar snakkar						
Kor flink er du til å gi andre arbeidsro?						
Kor flink er du til å vere munnleg aktiv i timane?						
Kor god orden har du på tinga dine?						
Kor godt arbeider du med eige arbeid?						

No vil me at du skal setje deg nokon faglege mål for det vidare arbeidet på skulen:

1. _____
2. _____
3. _____

Ønskjer du å setje deg nokre sosiale mål/ mål knytt til vener?

Ja: _____

Nei: _____

Skriv og forklar:

Er det noko anna du vil fortelje?

3.4 Enkel sjekkliste⁸

Sjekklista skal fyllast ut to gonger i året av lærarane på alle trinn. Kartlegginga er ein måte å gjere ein meir medviten på eiga praksis, utan at det ligg føre mistanke om eit utrygt skulemiljø.

	Ja/Nei	Kommentar
Er det særleg sårbare elevar i gruppa?		
Har nokon av elevane tidlegare vore involverte i mobbing?		
Er det elevar med proaktive negative handlingar* i gruppa?		
Har det vore enkelthendingar med krenkingar?		
Har det vore endringar i forholdet til dei vaksne i gruppa?		
Ser det ut til å vere uvanleg mange klikkar i gruppa?		
Er det elevar som er særleg populære?		
Er det nokre upopulære elevar i gruppa		
Har det vore hendingar med utagering/vald?		

**Proaktive negative handlingar: Er når negative handlingar blir drivne av å få ulike formar for fordelar, t.d. sosiale fordelar. Det er ønske om fordelar som driv dei proaktive negative handlingane. Slike handlingar føregår i sosiale samanhengar og i ein gruppekontekst. (Henta frå boka Barn og elevar i utfordrende kontekster. Roland, Pål. S. 28)*

⁸ Henta frå boka *Slik stopper vi mobbingen*

3.5 Undersøking av elevstemma i klasserommet – 1.- 4.trinn

Læraren les opp utsegnene. Elevane fargelegg setninga grøn dersom ho stemmer, gul dersom dei ikkje veit, og raud dersom ho ikkje stemmer i det heile.


	Utsegner
1	Det går fint om eg gjer feil på skulen
2	Dersom eg treng hjelp, får eg det av medelevane mine
3	Det er lett å samarbeide med andre
4	Eg trivst i klassen
5	Me har det kjekt saman i klassen
6	Lærarane mine bryr seg om meg
7	Medelevane mine bryr seg om meg
8	Elevane høyrer på lærarane
9	Det er nokre elevar som bestemmer meir enn andre i klassen
10	Det er trygt å vere i klassen
11	Eg får ro i klasserommet til å gjere skulearbeidet mitt
12	Vi snakkar fint til kvarandre i klassen min

3.6 Undersøking av elevstemma i klasserommet – 5.-7.trinn⁹

	Utsegner	Einig	Veit ikkje	Ueinig
1	Det er lov å gjere feil i denne klassen			
2	Det er lett å få hjelp av andre			
3	Det er lett å samarbeide med andre			
4	Eg trivst i klassen			
5	Vi har det kjekt saman i klassen			
6	Det er lov å vere fagleg flink i klassen			
7	Vi viser kvarandre respekt			
8	Elevane høyrer på lærarane			
9	Lærarane er interesserte i korleis elevane har det			
10	Det er nokon som bestemmer meir enn andre i klassen			
11	Det er trygt å vere i klassen			
12	Det er klikkar i klassen (venegjengar som oftast er saman med kvarandre)			
13	Det er ofte bråk og uro i klassen			
14	Vi er ein klasse som arbeider godt med skuleoppgåvene			
15	Det er nokon som er utanfor i klassen			
16	Det er nokon som blir plaga			
17	Vi set pris på at me er ulike / her kan alle vere seg sjøve			
18	Det er best når me jobbar kvar for oss			
19	I klassen kan det bli snakka stygt om eller til andre			
20	Lærarane likar å vere saman med oss			
21	Det er nokon som ofte er åleine i friminutta			

⁹ Statsforvalteren.

3.7 Relasjonskartlegging



Forklaring til «Relasjonssirkelen»

Relasjonskartlegginga blir gjennomført av vaksne på kvart trinn. Alle elevane blir skrivne inn i skjemaet før vaksne fargelegg med si farge ut frå vurderinga av relasjonen. Dersom ein oppdagar at elevar manglar gode relasjonar til vaksne, må det setjast inn tiltak. Les om «banking time» som metode for relasjonsbygging på neste side.

Blå sirkel = Deg sjølv

Grønn sirkel = Du har ein god og støttande relasjon til eleven.

Stikkord: Ein positiv relasjon prega av gjensidig tillit, varme og at ein er venlege med kvarandre. Eit ønske om å gjere kvarandre gode. Humoristisk tone. Kjenslene er «kopla på».

Gul sirkel = Du har ein middels god relasjon til eleven.

Stikkord: Relasjonen er hovudsakleg positiv. Han er ikkje varm, men prega av respekt, korrekt framferd og noko tillit. Det er respekt for rollene, men få sterke positive kjensler, og lite dynamikk og humor.

Rød sirkel = Du har ein dårleg/anstrengd/problematisk relasjon til eleven.

Stikkord: Kald og lite venleg relasjon prega av slitasje, irritasjon og mangel på tillit. Lita interesse for kva den andre kjenner, og de viser kvarandre lite eller inga anerkjenning. Forholdet er prega av passivitet, uro, forstyrringar eller konflikhtar.

Kvit sirkel = Du har liten eller ingen kontakt med eleven.

Stikkord: Du er usikker på relasjonen din til eleven. Eleven blir ikkje lagt særleg merke til, er «usynleg», gjer lite ut av seg, eller fell mellom to stolar o.l.

Relasjonskartlegging: Team/klasse/base				
Vaksen på trinnet ->	Tuva	Eline	Leon	Filip
Abel				
Bendik				
Katrine				
Mia				
Emma				

3.8 «Banking time» som metode for relasjonsbygging ¹⁰

Når relasjonar er kartlagde, skal tiltak setjast i verk. Å gi elevane ein trygg og god skulekvardag, der alle kjenner seg sett, er noko av det viktigaste vi gjer, og vi har difor stort fokus på dette.

Kva er «Banking time»?

Enkelt sagt handlar det om den vaksne si kvalitetstid saman med eitt eller nokre få barn. Målet er å styrke relasjonen, varmen og dei kjenslemessige banda mellom barnet og den vaksne (Pianta, 1999; Pianta mfl., 2003). «Samhandling mellom barn og vaksne kan forbetrast når lærarar får opplæring i utvikling av gode relasjonar og korleis dette kan bidra til å fremje prestasjonane til barna.»

«Banking time» handlar om å fylle kontoen til barnet med gode opplevingar, slik at barnet kjenner seg trygt nok til at den vaksne kan setje grenser ved behov. Barn tek lettare imot grenser og krav frå ein vaksen dei har tillit til og som viser dei respekt, enn frå vaksne som ikkje viser interesse eller er utydelege i forventningane sine.

Dei gode opplevingane og augneblinka kan bidra til at den vaksne blir meir open og positivt innstilt til eleven. Samstundes får eleven gode opplevingar saman med den vaksne, kjenner seg sett, verdsett og lytta til. På denne måten blir relasjonar bygde opp, og gjensidigheita blir styrkt.

Det føreset at personalet har ei felles forståing av at det blir sett av tid til «Banking time».

Kven gjeld dette?

Dette kan gjelde både den stille og rolege eleven og den urolege eller utagerande eleven. Dei elevane som kjem i risiko- eller faresona etter ei relasjonskartlegging i klassen, kan vere aktuelle for å prøve ut «Banking time».

Korleis gjennomføre «Banking time»?

Dette er eit opplegg der ein gjer systematisk og timeplanfesta aktivitet. Ein må finne ut kva som interesserer eleven og byggje vidare på dette. Til dømes kan ein setje av om lag 15 minutt, 2–3 gonger i veka, over ein periode på 3–4 veker.

Døme på «Banking time» på skulen

Per er ein gut som stadig kjem i konflikt med jamaldrande og vaksne på skulen. Han hissar seg lett opp over tilsynelatande små bagatellar, opplever seg urettferdig behandla og kan bruke både fysisk og verbal makt for å få viljen sin. Dei andre barna er litt redde for Per og vegrar seg for å vere saman med han. Relasjonskartlegginga viser at han har få gode relasjonar.

Etter å ha kartlagt interessene hans finn lærarane ut at han mellom anna interesserer seg for dataspela Fortnite og likar å spele fotball. Etter ei drøfting i lærarteamet blir dei samde om at kontaktlæraren skal gjennomføre «Banking time» i om lag 15 minutt tre gonger i veka for å styrkje relasjonen mellom dei. Dette blir sett inn i timeplanen og formidla til eleven og dei føresette.

¹⁰ Statped

I samarbeid med eleven og dei føresette avtalar dei kva aktivitetar dei skal gjere saman. Rolla til kontaktlæraren handlar i stor grad om å vise interesse, oppmuntre, støtte og leggje til rette for medverknad og meistring i aktiviteten. I samtalane blir dei mellom anna samde om at Per skal lære læraren å spele Fortnite éin gong i veka, og at dei speler fotball dei to andre gongene.

LITTERATURLISTE

Bekymringsfullt skolefravær - En praktisk nærværsveileder. 2022. Oslo skolen

BTI modellen for Molde kommune. Hentet 13.08.2024 fra <https://molde.bedreinnsats.no/bti-veileder/>

Cymra. *Kultur for nærvær – hva er det?* Hentet 07.10.2024 fra <https://www.cymra.io/tom-side>

Gran, K. og Mosand, G. 2022. *Håndtering av skolefravær*. Fagbokforlaget.

Havik, T. 2018. *Skolefravær. Å forstå og håndtere skolefravær og skolevegring*. Gyldendal.

Holden, B. og Sallman, J. 2010. *Skolenekting. Årsaker, kartlegginger og behandling*. Kommuneforlaget.

Lomsdalen, C. (Programleder). (2023, 1. august). *Silje Hrafa Tjersland om nærværsskolen*. [Audiopodcast-episode] i Lektor Lomsdalens innfall.

Moen, E. 2015. *Slik stopper vi mobbingen*. Universitetsforlaget.

Pianta, R. C., Hamre, B., & Stuhlman, M. (2003). Relationships between teachers and children. In W. M. Reynolds & G. E. Miller (Eds.), *Handbook of psychology: Educational psychology*. John Wiley & Sons, Inc.

Roland, Pål (2025). *Barn og elever i utfordrende kontekster*. Cappelen Damm Akademisk

Samtaleblomst. Hentet 16.09.24 fra <https://www.spireserien.no/diverse-norsk>

Statped. *Banking time som metode for relasjonsbygging*. Hentet 07.10.2024 fra <https://www.statped.no/globalassets/laringsressurs/dokumenter/07-temasider-teknologi/spill-i-skolen/banking-time-til-relasjonsarbeid.pdf>

Statsforvalteren i Trøndelag (2020, 30. oktober). *Lunsjwebinar om skolemiljø. Skjema kartlegging. SSE.docx*. https://www.statsforvalteren.no/trondelag/kurs_konferanser_og_moter/2020/11/lunsj-webinar-om-skolemiljo/

Utdanningsforbundet. *Nærværsskolen – en modell for å forebygge skolefravær*. Hentet 07.10.2024 fra <https://www.utdanningsforbundet.no/kurs-og-konferanser/kurskalender/bed-2022/narvarsskolen--en-modell-for-a-forebygge-skolefravar/>

Utdanningsforbundet. *Plikt til å følge opp fravær*. Hentet 28.10.2024 fra <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/skole-og-opplaring/plikt-til-a-folge-opp-fravar/>

Utdanningsforbundet. *Slik kan skolen håndtere bekymringsfullt fravær*. Hentet 28.10.2024 fra <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/forebygge-og-folge-opp-bekymringsfullt-fravar/slik-kan-skolen-handtere-bekymringsfullt-fravar/>

Utdanningsforskning. *For mye tilrettelegging skaper engstelige elever*. Hentet 09.12.2024 fra <https://utdanningsforskning.no/artikler/2023/for-mye-tilrettelegging-i-skolen-gjor-elever-mer-engstelige/>

Veileder - Om nærvær og fravær i skolen. 2021. Færder kommune.